

Volda Rideklubb på Fjordhest NM

Ein førsteplass og ei eliminering

Tre ryttrarar frå Volda Rideklubb deltok på Fjordhest NM førre veke.

Førre veke vart Fjordhest NM arrangert i Drammen og Volda Rideklubb var representert ved Ida Kristine Standal, Anna Wangen Mork og Randi Maud Mork.

Gode plasseringar for Voldaryttarane

Dei tre ryttarane skulle konkurrere på lag. Ida Kristine kørte dressur, Randi kørte maraton og Anna kørte sprang. Etter ein liten feil vart laget eliminert og valde å trekke seg frå resten av lagkonkurransen.

Anna konkurrerte også i Junior-NM. Der fekk ho 1 plass i Utdanning presisjonskøyring, 4.plass i utdanning Maraton, 4.plass på lett presisjonskøyring og 4.plass i utdanning DMP køyring.

I DMP konkurrerte også Ida Kristine og ho fekk ein 6.plass der.

Ida Kristine og Randi starta greinmeisterskapen i dressur. Denne meisterskapen har ikkje NM-status men er svært populære. Randi kom på 11.plass og Ida tok ein 18.plass her.

Lærerek erfaring

Anna fortel at ho ikkje er heilt fornøgd med dei individuelle resultatane, men at heile Volda Rideklubb ser på førre veker NM som ei svært god erfaring.

- Vi har alle vore med her før og vi lærer alltid noko nytt så vi



* Dei tre ryttarane frå Volda Rideklubb på plass på Fjordhest NM. (Foto: Privat)

tek med oss mykje positivt vidare og skal jobbe hardt for å bli betre, fortel Anna.

Dei tre ryttarane beskriv veka

med NM som ei god erfaring og kjekt å ta del på.

- Det er alltid gøy å få være med og det er ei kjekk og lærerik

veke.

✉ BRIAN DALE

Desse vert heidra i Ørsta-idretten

Møre og Romsdal idrettskrets feirar 100 år, og det vert markert ved å feire hundreårs-utøvarar. Grete Bjordalsbakke og Kjell Arne Sætre er dei nominerte i Ørsta.

Kvar kommune i Møre og Romsdal har fått nominere kvar sine to utøvarar, ein mannleg og ei kvinneleg, til kåringa. 100-årsjubileet skal markerast 2. november 2019, og i løpet av jubileet vert det trekt ut to vinnarar blant alle dei nominerte frå kommunane i Møre og Romsdal.

Dei nominerte frå Volda er Ørjan Håskjold Nyland og Runa Bakke. Utøvarane er saman med ordførar/representant frå kommunen og idrettsrådet sin representant invitert til jubileumsgallaen.

Mattilsynet fryktar større smitterisiko frå gourmetkylling

NPK-NTB: Gourmetkyllingen, som lever lengre og blir seinare slakta enn konvensjonell kylling, fell utanfor handlingsplanen og testprogrammet mot campylobacter.

- Vi mistenker at det kan vere større smitterisiko frå kylling som lever lengre og som kan gå ute. Det er derfor vi har sett i gang eit pilotprosjekt, og vi reknar med å få ei stadfesting på det, seier veterinær og seniorrådgivar i Mattilsynet Turid Berglund, som jobbar med handlingsplanen mot campylobacter, til Nasjonen.

I dag blir ikkje kylling som er eldre enn 50 dagar, testa og behandla for campylobacter. Samtidig er risikoen for at kyllingen blir smitta større jo eldre han er. Tilgangen til utereale, som er eit pålegg i økologisk produksjon, er òg ein risikofaktor.

Kyllingen kan bli smitta av campylobacter-bakterien frå ville fuglar, via vatn, dyr, insekt eller kontakt med menneske.

Skulle ein bli kvitt campylobacter i all kylling over 50 dagar, ville i praksis alt kjøtt måtte frysas i staden for å gå ferskt ut på marknaden. Mattilsynet tilrår forbrukarar å ha god kjøkkenhygiene når gourmetkylling blir laga, som alltid for røtt kjøtt.

Resultatet frå pilotprosjektet er venta å vere klart over sommaren. Campylobacter-smitte er utbreidd i EU og Noreg er i ein særstilling fordi forekomsten her er svært låg.

Svar til Cecilie Rørstad og Gunnar Strøm innlegg i Møre fredag 19/7

Eg er faktisk einig i att ferjefri E39 får me aldri oppleve. Men å gå imot Voldsfjordkryssinga som er føreslege er noko heilt anna.

Tilbodet vi får med el-ferje vert dårlegare, det blir endå lengre mellom avgangane. Det er ikkje mykje hjelp i å ha moderne ferje som ligg til kai og ladar.

Å tru at avgangsfrekvensen på Voldsfjorden vert auka og avgangar heile døgnet, er ikkje stort betre enn å tru på julenissen.

I Rotsethornstunnelen har det no vore utbetring eit lite år, og kolonnekøyring med avgangar

kvar time. So då har dei som nyttar denne vegen også fått oppleve mangel på open veg om natta og tidsbestemte «avgangar».

Ferja over Voldsfjorden fungerer alt som kolonnekøyring, og utan bru over Voldsfjorden vil den gjere det til evig tid. Arbeidet med Voldsfjordkryssing må difor intensiverast.


Randulf Reite
Dalsfjording og nest siste mann på Volda Lista

300 egg på vegg i Volda

I 2005 kjøpte 300 bedrifter og privatpersonar i Volda eit bilde av Astrid Eidseth Rygh for 5000 kroner. Sparebanken dobla dette beløpet og pengane skulle gå til kulturhuset innOvata.

Bildet går i gult og viser ein robåt som fraktar eit egg. Kvar gong eg ser dette på ein vegg i Volda, tenker eg på at no har dei som kjøpte bildet venta lenge nok på nytt kulturhus i Volda.

Ap, KrF og FrP var dei ivri-



gaste i kampen mot innOvata. Jon Georg Dale har sagt at er det noko han angrar på frå tida i Voldapolitikken, er det at han gjekk imot innOvata.

Kven går imot kulturhuset denne gongen?

Gunnar Strøm,
listekandidat Volda SV